

BYGDENYTT

INFORMASJON FRÅ VALLE KOMMUNE



Endeleg kom desember!

Det er eigentleg rart, for aldri er dagane kortare og mørkare enn i desember, men likevel verkar denne månaden ljosare enn november. November i år var fyrst våt, så bitande kald. Og var ikkje overgangen til vintertid noko bråare i år enn i fjor? Kanskje kjentest det berre slik? Me er mange som tykkjer november kan vere litt seig. For ein del år sidan arbeidde eg på ein skule der dei hadde konseptet «Vi tar rotta på november!». Kvar arbeidsdag i november skipa ein til ei eller anna hending eller tiltak som gjorde ein elles trasig månad noko ljosare.

Dei seinare åra har det vorte vanlegare at eit lar joleljosa henge oppe litt lengre enn til 20.dag jol. Dette er ikkje berre av di ein vil utsetje jobben med å plukke dei ned. Det er nok også slik at me tykkjer det er triveleg med meir ljøs i bygd og grend, og at det sanneleg er mørkt nok elles i året. Ein skal hegne om dei gode tradisjonane, men om ein kan skape meir glede og trivsel med nokre små justeringar, så skal me ha rom for det.

Jola er ei tid for trivsel og kos, og kvalitetstid med kjende og kjære. Ikkje minst er det ei tid der borna skal stå i sentrum. Så veit me diverre at dei ikkje er slik for alle. Også i setesdalskommunane finst det born som opplever jolehøgtida som utrygg. I Valle kommune har me skipa til familiefestival dei siste par åra. Seinast no i haust, med temadagen «It takes a village to raise a child», i Soknehuset. Nettopp denne tanken om at borna våre er alles ansvar, kan me gjerne ta med oss inn i jolehøgtida. Det krev ikkje mykje innsats – berre å sjå, høyre, og bry seg.

Denne fellesskapstanken, og ynskje om å hjelpe, det har bygdekvinnelaga våre i rikt møn. I år som i fjor, og åra før det, tek dei ansvar for å dele ut matkassar til dei av oss som treng ei handsrekking med jolehandelen. Ein ser at dette tilbodet dekkjer eit behov, og då er ingenting betre enn at me har friviljuge som tek seg av organiseringa. Takk!

Takk skal de også ha, de som er på vakt og jobbar turnus når andre gjer seg klare til å opne jolegåver. Innsatsen dykkar er heilt avgjerande for at Valle kommune skal vere ein god og trygg plass å bu – for alle.

God jol!
Helsing frå ordførar

KOMMUNEN INFORMERER

Opningstider kommunehuset i jola

22 - 23.12	kl. 11 - 16	Samdrift med Sæbyggjen
24 - 28.12	Stengt	
29 - 30.12	10 - 14	Kommunehuset
31.12 - 1.1	Stengt	
frå 2.1	09 - 15	Kommunehuset



Politiske møte

Måndag	03.12	kl. 10.00	Styremøte i Setesdal interkommunalt politisk råd
	03.12	kl. 12.00	Representantskapsmøte i Setesdal interkommunalt politisk råd
Onsdag	10.12	kl. 10.00	Kommunestyret

Har du lasta ned Friskus? Dersom ikkje, bør du gjere det no!

Appen er GRATIS og du vil få varsel kvar gong Valle kommune legg ut følgjande:

Nyheiter frå heimesida

Ledige stillingar

Publisering av innkallingar og møteprotokollar



Dersom du alt har lasta den ned, men ikkje får varsel er det truleg fordi du ikkje har valgt kategorien du vil få varsel på. I Valle har vi førebels berre ein kategori vi nyttar i publiseringa som heiter nytt frå Valle kommune.

TEKNISK AVDELING INFORMERER

Ambulerande vaktmeisternteneste

Vaktmeistar kan hjelpe deg med:

- Enkle, praktiske gjeremål, slik som mindre reparasjonar og vedlikehaldsarbeid
- Hjelp til å montere eller fjerne hjelpemiddel
- Montering og tilrettelegging av ulike hjelpemiddel i bustader
- Installering av tryggleiksløysingar som komfyrvakter, alarmer, ringeklokker for høyrsllehemma
- Transport og montering av dusjkrakkar, toalettsete og liknande utstyr
- Praktisk hjelp, til dømes bæring av ved, snøbrøyting ved inngangsparti, levere sand til strøing
- Sikring av inngangar for brukarar av rullator eller rullestol

Målgruppe er eldre og kronisk sjuke

Strøsand:

Valle kommune tilbyr alle sine innbyggjarar og hyttebuarar å hente gratis strøsand på Øyne i Valle eller ved reinseanlegget på Rysstad. Hugs å hente bømtevis, ikkje tilhengarlass, slik at det blir nok til alle.

Matkasser til bygdekvinnelaget

Bygdekvinnelaga i Valle og Hylestad deler ut matkassar før jol

Med budsjett på 50.000 kr. vedteke i formannskapet i Valle kommune onsdag 19. november er no bygdekvinnelaga i Valle og Hylestad i full gang med å førebu utdeling av matkassar før jol til dei som treng litt ekstra drahjelp i jolestria.



Det er ingen spesielle krav knytt til å få ein matkasse, anna enn at ein må vere busett i Valle kommune. – Alt me treng er ein telefon eller ei melding der me får namn og adresse på den som ynskjer ein matkasse, seier Elin Viki i Valle Bygdekvinnelag.

Det er ho som organiserer og tar imot namn og adresse på dei som vil ha matkasse. Ein når henne på tlf 97789291. Det er vedkomande som ynskjer seg ein matkasse som sjølv må ta kontakt.

I matkassen finn ein alt frå jolemat til frukt og andre godsaker. I alt inneheld kassen matvarer for 1500 kr. Det meste skal vere varer som held seg ei stund.

– Me må ha inne alle namn og adresser før tysdag 16. desember, så blir alt køyrt ut og levert torsdag 18. desember etter klokka 17, seier Elin Viki.

Ho legg til at bygdekvinnelaga både i Valle og Hylestad håpar at alle som måtte slite litt med å få jolehandelen til, tar kontakt.

Bruk av minibuss – Retningslinjer

Minibussen kan ikkje nyttast i privat samanheng, som til dømes bursdagsfeiringar eller personlege arrangement.

Bussen er kun tilgjengeleg for:

- Organisasjonar og lag
- Kommunale instansar

Vi ber om at desse retningslinjene vert respektert for å sikre rettferdig og formålstenleg bruk av minibussen.

ØKONOMIAVDELING INFORMERER

Frist for innsending av leverandørfaktura og refusjonskrav til Valle kommune

Vi ber om at alle faktura og refusjonskrav som gjeld 2025 vert sendt så fort som mogleg til kommunen, og seinast innan 5. januar 2026. Dette er viktig for å sikre rett handsaming med tanke på budsjett og betaling. Krav sendast som EHF eller til faktura@valle.kommune.no

Kunngjering budsjett 2026 og økonomiplan 2026 - 2029

Innstilling frå formannskapet til årsbudsjett 2026 og økonomiplan 2026 - 2026 blir lagt ut til ålment ettersyn i perioden 25.11 - 10.12 på nettsida til kommunen. i tillegg vert det lagt ut i papirform på kommunehuset og på biblioteket frå 25.11.

Saka skal handsamast i kommunestyret 10.12 og innspel må vere kome inn skriftleg til økonomisjef før handsaming.

FOREDRAG - HOLUMGRAVA

HOLUMGRAVA

Torsdag 04.12 kl. 19.00 Sæbyggjen



I juni 2023 vart det gjort eit unikt arkeologisk funn i Tveitebø, Valle: gylne glasperler, bronsebitar og delar av eit sverd – frå ei rik vikinggrav. Utgravinga, leia av Kulturhistorisk museum med bistand frå Emma Norbakk, avslørte langt meir enn venta.

Grava har fått namnet «Holumgrava».

Foredraget fortel historia frå den første telefonen til fylkeskommunen til dei siste jordmassane vart undersøkte, og kva funnet kan seie om lokalsamfunnet, jernressursar og gravskikkar i vikingtida.

MEIROPEN IDRETTSHALL

Fredagar kl. 15 - 20 Vallehalli

Laurdagar kl. 08 - 20 Vallehalli

Sundagar kl. 08 - 20 Vallehalli

Trivselsreglar:

1. Alle ryddar etter seg sjølve og dei som dei er saman med.
2. Alle kan også rydde etter andre viss det trengs, for hallen må vere rydda når dørene stenger.

Eitt av utstyrslagra er ope og kan nyttast når det er meiropen (ubemanna) idrettshall. Hugs: «Det eg har brukt, skal eg leggje på plass.» Også sjølv om nokon andre allereie hadde henta fram utstyret før du kom. To gardarobar/toalettl vil vere opne. Vi bed om at alle bidreg til å halde det ryddig der også! For å få logge deg inn i hallen bruker du appen SolverApp.

Barn under 12 år skal vere i følgje med vaksen.

Tlf. nr. teknisk vakt: 970 03 800

Meiropen idrettshall i jola:

I samband med jol og nyttår er idrettshallen open frå:

19.12 - 23.12 **kl. 08 - 20.**

29.12 - 04.01 **kl. 08 - 20.**

Meiropen idrettshall er stengt i romjola.



**FRIST FOR INNSENDING AV STOFF TIL BYGDENYTT ER 9. JANUAR. DETTE GJELD
BESTEN AV JANUAR OG HEILE FEBRUAR.**

VALLE FOLKEBIBLIOTEK

Ordinære opningstider:

Måndag	kl. 11 - 16	Ope til kl. 18 for born og unge.
Tysdag	kl. 11 - 16	
Onsdag	kl. 11 - 16	Ope til kl. 18 for born og unge.
Torsdag	kl. 11 - 17	
Fredag	kl. 11 - 15	



Nokre unntak i desember:

Onsdag	03.12	kl. 11 - 16	Ikkje ope for born og ungdom til kl. 18.
Torsdag	04.12	kl. 11 - 15	
Måndag	01.12	kl. 16 - 18	Pizza og chill på biblioteket for 5. - 10. klasse. Joleverkstad, gaming, brettspel. Gratis servering av pizza og open kiosk.
Måndag	08.12	kl. 18 - 20	Førjolskos for vidaregåande med jolefilm, pepperkaker og klementiner.

Jolestengt frå jolaftan til 4. januar.

Langope for vidaregåande skule måndagar i oddetalsveker frå kl. 16 - 18.

Startar opp 12. januar 2026.

JOLEVERKSTAD PÅ BIBLIOTEKET

Laurdag 13.12 kl. 11 - 16 Valle folkebibliotek

Velkomne til joleverkstad på biblioteket der du finn jolepynt-stasjonar med elevar frå vidaregåande skule.

Valle Bygdekvinnelag serverer graut og saft og, det blir musikalsk innslag frå kulturskulen.



ROMJOLSMØTE I VALLE MÅLLAG

Måndag 29.12 kl. 18.00 Sæbyggjen

Valle mållag inviterer til romjolsmøte og feiring av at vallemal.no er 20 år! Det blir markering av dette med quiz, musikalske og humoristiske innslag.

Gratis jolegraut, kaffi og kake!

For meir informasjon kan du sjå på facebookside til Valle mållag.

Det er fri inngong og alle er velkomne!



PROGRAM FOR ONSDAGSKAFEEN - DESEMBER

Onsdag 03.12 kl. 08.45 Kosetur til Evje med Risdal touring

Avreise frå ESSO Valle kl. 08.45 og turen går til Europris og Jysk, før avreise til sentrum for ribbetallerken med riskrem på Pernille kafe!

Avreise heim kring kl. 14.45. Turen kostar 500.- per person.

Påmelding til Marianne 945 04 448 eller Bjørg 957 08 242 innan fredag 28. november.



Onsdag 10.12 kl. 11.00 Konsert med Valle kulturskule kl. 13.00 Konsert med Frode Moltemyr



Onsdag 17.12 kl. 10.30 Joleavslutning med stor jolebingo

Onsdag 24.12 kl. 17.00 Jolemiddag

Valle pleie og omsorg inviterer inn til jolemiddag på Valle Bygdeheim jolaftan kl. 17.00.

Påmelding til Solveig på 912 47 155 eller kjøkkenet på tlf. 945 04 446 innan 15. desember.

Ynskjer du skyss er det bare å gje beskjed om dette.

Onsdagskafeen startar opp att onsdag 7. Januar.


JOLEVERKSTAD PÅ SETESDALSMUSEET

1. Sundag i advent 30.11 kl. 14.00

Velkomen til stor joleverkstad på Setesdalsmuseet der du kan kome å lage jolepynt med oss! Bygdekvinnelaget sel pølser, kake og kaffi, og alle utstillingane er opne med fri tilgong for heile familien.

Når klokka nærmar seg 16.30 gjer vi oss klare til jolegrantenning og fakkeltog til kyrkja der det er ljosomesse kl. 17.00.

Velkomen til ein koseleg familiedag på museet!



KURS MED STUDIEFORBUNDET

VEVKURS MED KARIN BØE

Oppstart torsdag 8. januar 2026 kl. 17.30 - 21.30 Venemold 60 timar

Oppsett av vev, veving av bordløpar, pute, kjøkkenhandkle og filleryer.
Bindingsmønster: vaffel, mygg, tjeld, ringvend, tavlebragd, kryptert og toskaft.



Påmelding til Kristine Jore, 482 03 216 eller e-post kristinejore66@gmail.com
innan 10. desember 2025.

KURS I LINEDANS

Laurdag 24.01 kl. 12.30 Hylestad soknehus

Aldersgrense: 14 år

Lær linedans med Maria Seiersdalen!

Pris og påmelding:

Medlemspris for bygdekvinnelaget, skogeigarlaget og bondelaget: 350,-

Ikkje medlem: 450,-

Påmelding til Kristin Nomeland på tlf: 995 38 807 innan 10. januar.



HANDARBEIDSKVELD - SETESDAL HUSFLID

Ordinære handarbeidskveldar

Onsdag	03.12	kl. 18 - 21
Onsdag	14.01	kl. 18 - 21
Onsdag	28.01	kl. 18 - 21

Ta med eige handarbeid.
Det blir og servering av te og kaffe.

Handarbeidskveld for ungdom

Måndag	01.12	kl. 17 - 19
Måndag	15.12	kl. 17 - 19
Måndag	12.01	kl. 17 - 19
Måndag	26.01	kl. 17 - 19



Alle som arrangerer opne aktivitetar for innbyggjarane – frivillige, private og offentlege – bør melde inn arrangement til **aktivitetskalenderen**. Kalenderen er viktig for å gi eit samla oversyn og unngå kollisjonar mellom arrangement retta mot same målgruppe. Sjekk kalenderen før du set dato, og send info om ditt arrangement til sentralbord@valle.kommune.no

VALLE IL INFORMERER




Nissetur til Lauvåsloftet

Onsdag 10.12 kl. 17.00 Parkeringa i Valle sentrum

Møt opp på parkeringsplassen bak Esso så går vi saman opp til dagsturhytta. Vel oppe blir det servering av graut og det går rykte om at det gøymer seg ein mandel i grauten.

Arrangementet er ein del av friluftslivets år, og Midt-Agder friluftsråd stiller med morosame aktivitetar på veg opp!
Hugs hovudlykt.



Ymse faste sportshendingar i Valle IL

Måndagar	kl. 20.00 - 21.00	Innebandy	Vallehalli
Tysdagar	kl. 18.30 - 19.30	Badminton	Vallehalli
Onsdagar	kl. 19.00 - 21.00	Volleyball	Vallehalli

KINO PÅ HYLESTAD SOKNEHUS - DESEMBER OG JANUAR



Måndag 08. desember

Kl. 17.00 Zootropolis 2



Kl. 19.00 Now you see me: Now you don't



Måndag 05. januar

Kl. 17.00 Flåklypa - Fra Paris til pyramidene

Kl. 19.00 Film er ikkje annonsert endå.



Billetter kan kjøpast på bygdekinoen.no.

VALLE BILJARDFORENING

Valle Biljardforening held ope veslejolaftan frå ettermiddagen og utover kvelden. Lokalet er elles ope når du ser ljøs i glasa.
Alle som vil er velkomne innom i Valle sentrum!

Vi har òg dart, brettspel, Xbox, kaffi og pepperkaker.



JOL I VALLE SENTRUM

1.FREDAG I ADVENT 28.11 KL. 16.30 Valle sentrum

Fakkeltog og nissefest i Valle sentrum!

Kl. 1630: Bollar og kakao framom gamle Joker.

Kl. 1700: Samling ved Hasla.

Allsong - Tenn lys

Tenning av jolegran og adventshelsing ved ordførar.

Musikkinnslag ved Valle kulturskule, allsong «Glade jol» og «På låven sitter nissen»

Fakkeltog til Valle bygdeheim. Adventshelsing ved soknepresten

Tak gjerne med egne lykter!

Sal av faklar kr 50,-

Vi håpar å sjå mange glade smånissar med nisseluer i Valle sentrum denne kvelden!

Arr. Kyrkja, Valle Bygdekvinnelag, Valle sentrumsforeining og Kultur og fritid



Vesle jolaftan kl. 17.00 Valle sentrum

Velkomen til Valle sentrum vesle jolaftan for trekning av gratislodda som blir delt ut i heile desember på alle butikkar i Valle som takk for at de handlar lokalt!

Trekninga blir som vanleg utanfor Hasla med underhaldning både før, undervegs og etterpå.

Nissen kjem med ei overrasking og det blir gløgg på alle som vil ha!

Hovudgevinsten er Apple Iphone, og mange andre flotte gevinstar frå alle verksemdene!



SPØRJEUNDERSØKING OM AKT SVIPP

Valle kommune gjennomfører no ei spørjeundersøking for å kartlegge behovet for kollektivtransport i kommunen. Undersøkinga gjeld tenesta AKT Svipp. Du kan hente spørjeskjema i Velkomstsenteret, eller svare digitalt via lenke som blir delt på Facebook-sida til Valle kommune.

Frist for å svare er 12. desember.

Har du spørsmål, kan du sende e-post til annbjorg.bjorgum.sagneskar@valle.kommune.no eller ringe sentralbordet på 37 93 75 00.

Vi set stor pris på ditt bidrag!



VALLE OG HYLESTAD SOKN

DAG	DATO	KLOKKA	KVA	KOR
Laurdag	06.12	kl. 16.00	Konsert - Joletonar i mørketid	Valle kyrkje
Måndag	15.12	kl. 19.00	Jolekonsert med Kim Rysstad	Valle kyrkje
Fredag	19.12	kl. 08.30	Skulegudsteneste	Valle kyrkje
Onsdag	24.12	kl. 16.30	Jolegudsteneste	Valle Kyrkje
Torsdag	25.12	kl. 17.00	Høgtidsgudsteneste	Hylestad kyrkje
Sundag	04.01	kl. 16.00	Joletrefest	Kyrkjestoga/Sæbyggjen
Sundag	11.01	kl. 11.00	Gudsteneste	Valle kyrkje
Sundag	25.01	kl. 16.00	Gudsteneste	Hylestad Kyrkje
Onsdag	28.01	kl. 19.00	Foredrag om kristenretten ved Randi Anne Skårdal	Kyrkjestoga/Sæbyggjen

Ønskjer du skyss til kyrkja kan du ringe Astrid Nomeland, tlf. 911 84 706.
Kyrjekontoret i Valle: tlf. 977 84 706,
e-post: post@valle.kyrkja.no



DEN NORSKE KYRKJA

Valle og Hylestad sokn

Meir himmel på jorda

NOMELAND BEDEHUS

Viggo Wilhelmsen

Fredag 05.12 kl 19.00
Laurdag 06.12 kl 19.00
Sundag 07.12 kl 11.00

Torstein Landås

Tysdag 16.12 kl 19.00

Jon Martin Bjørgum

Sundag 18.01 kl 11.00

Torstein Landås

Tysdag 20.01 kl 19.00

Viggo Wilhelmsen

Fredag 23.01 kl 19.00
Laurdag 24.01 kl 19.00
Sundag 25.01 kl 11.00

Alle er hjarteleg velkomne!



JOLETREFEST - BRODERHEIMEN BEDEHUS

Sundag 28.12 kl. 16.00 Broderheimen bedehus

Det vert andakt ved Egil Grindland (NLM) og det vert gong rundt joletreet.
Tak med niste så spanderer vi brus, kaffi og joleknask, og kanskje ei overrasking?
Folk frå heile dalen er hjarteleg velkomne til Broderheimen denne dagen!



FØRJOLSKVELD I SKAFSÅHEII FJELLKYRKJE

Fredag 05.12 kl. 19.00

Vi syng kjende og kjære jolesongar, leia av:

- Gunstein Seltveit
- Hallvard N. Jørgensen
- Ingrid Seltveit
- Lina Haugholmen

Det blir servering av jolekake, pepperkaker, kaffi og frukt.

Kollekt går til drifta av fjellkyrkja.

Hjarteleg velkomen!

Arr.: Fjellkyrkjelaget

KONSERT - JOLETONAR I MØRKETID

Laurdag 06.12 kl. 16.00 Valle kyrkje

Valle vaksenkor inviterer til konserten Joletonar i mørketid med gjesteartist Knut Jore!

Hjarteleg velkomen til ein førjolskveld med musikk, glede, tradisjon og mykje jolestemning!

Gratis inngong



INNSAMLING TIL UKRAINA

Du kan no levere klede, sko, leiker m.m. til Ukraina.

Pakk gjerne i passe tunge plastsekker.

For å dekke fraktkostnader set vi pris på kr 50 per sekk. Betal til Klippen i Bykle (går vidare til Open Heart):

- Konto: 2890 11 25289
- Vipps: 593767 – merk Ukraina

Du kan også betale kontant ved levering.

Viktig: Ta kontakt før du set frå deg sekkar ved Nomeland Bedehus, slik at dei ikkje blir ståande ute.

For innsamlingskomiteen
Astrid Nomeland
Tlf. 911 48 355

VALLE ALLIDRETTSKLUBB

Fredag 05.12 kl. 19 - 22 Vallehalli

Velkomen til siste samling i 2025!

Andakt v/ Egil Grindland (NLN), volleyballturnering med premiar, jolegraut og jolesnacks.

Halv pris på kioskarer

KOMPEBASAR

Måndag 14.02 Hylestad Soknehus

Hylestad bygdekvinneleg skipar til kompebasar! Meir informasjon kjem etter jol.



KVA SKJER

DATO	TID	STAD	KVA SKJER
28.11	16.30	Valle sentrum	Fakkeltog og nissefest
30.11	14.00	Setesdalsmuseet	Joleverkstad
01.12	16.00-18.00	Biblioteket	Pizza og chill for 5.-10. klasse
03.12	08.45	Onsdagskafeen	Busstur til Evje
04.12	19.00	Sæbyggjen	Foredrag Holumgrava
05.12	19.00-22.00	Vallehalli	Valle allidrettsklubb
06.12	16.00	Valle kyrkje	Konsert
08.12	16.00-18.00	Biblioteket	Førjolskos for vidaregåande
08.12	17.00	Hylestad soknehus	Bygdekino
10.12	17.00	Parkeringsplassen Valle sentrum	Nissetur til dagsturhytta
10.12	11.00	Valle bygdeheim	Konsert med Valle kulturskule og Frode Moltemyr
13.12	11.00-16.00	Biblioteket	Joleverkstad
17.12	10.30	Valle bygdeheim	Joleavslutning - onsdagskafeen
23.12	17.00	Valle sentrum	Vesle jolaftan i Valle Sentrum
24.12	17.00	Valle bygdeheim	Jolemiddag
28.12	16.00	Broderheimen bedehus	Joletrefest
29.12	18.00	Sæbyggjen	Romjolsmøte i Valle mållag
05.01.26	17.00	Hylestad soknehus	Bygdekino
07.01.26	10.30	Valle bygdeheim	Onsdagskafeen
24.01.26	12.30	Hylestad soknehus	Kurs i linedans

